

Reglar for avløpstenester

i



VÅGÅ
KOMMUNE

*Vedteke av kommunestyret
den 18.12.07, sak 107/07*

FELLES MÅL

Både du som abonnent og vi som tek imot avløpsvatnet ditt, ønskjer det same: Best mogleg teneste for lågast mogleg pris. Men for å få dette til må vi begge halde oss til visse reglar.

I dette dokumentet vil du finne kva reglar som gjeld og kva du kan gjera når du meiner tenestene ikkje er slik dei bør vera.

ANSVARET TIL KOMMUNEN

1. Bortleiing og reinsing av avløpsvatn

- Avløpsvatn skal leiast bort og reinsast kontinuerleg 24 timar i døgnet slik at det ikkje skaper hygieniske problem på eigedommen din
- Kommunen skal drifte, vedlikehalde, utbetre og renovere avløpsanlegga for å tilfredsstille både gjeldande lover, forskrifter og konsesjonar, samt så langt råd oppfylle sine egne mål når det gjeld kvalitet på vatn og vassdrag
- Dersom det oppstår eit driftsproblem ved kommunalt leidningsnett, slik som tilstoppingar eller stopp på ein pumpestasjon, skal kommunen ha eit vaktsystem for å kunne handle raskt for å fjerne årsaka til problema.

2. Informasjon, varsling og kontakt med abonnentane

- Ved akutte utslepp til vatn og vassdrag som kan få følgjer for deg, blir du varsla så snart som mogleg
- Vi informerer deg årleg om endringar i prisar og/eller avløpstenestene via annonse.
- Nye abonnentar får tilsendt kommunal forskrift om gebyr for vatn og avløp, gjeldande prislister, dette dokumentet og annan informasjon om avløpstenestene i kommunen
- Vi ønskjer å drive aktivt informasjonsarbeid gjennom media, ved direkte kontakt og via skriftleg materiale for å auke kjennskapen til kommunale tenester, og dermed utvikle og vedlikehalde eit positivt forhold til oss i kommunen
- Du skal få svar på spørsmål om eventuelle driftsproblem (både skriftlege og munnlege) så snart vi har funne ei løysing, og seinast tre veker etter at kommunen har fått spørsmålet.

ANSVARET TIL ABONNENTEN

Ansvarer ditt er fastsett i dei kommunale forskriftene om gebyr for vatn og avløp og i dei tekniske og administrative reglane som gjeld i kommunen. Dette betyr i hovudsak at du skal:

- betale avløpsgebyr som kjem fram på den fakturaen du får
- sikre at private stikkleidningar blir lagde etter reglane som gjeld i kommunen
- sikre at takvatn, drensvatn og overflatevatn ikkje blir ført inn på avløpsleidningen
- vedlikehalde dine private anlegg i tråd med dei reglane som gjeld i kommunen (sanitæranlegg, stikkleidningar og felles, private leidningsnett t.o.m. tilknytingspunktet på den kommunale hovudleidningen)
- prøve å utbetre lekkasjar på dine private anlegg snarast, ev. innan gjeldande fristar
- kople ut slamavskiljar/septiktank der kommunen krev det
- kjenne til plassering av utvendig stakepunkt
- leggje til rette for at kommunen ved behov sjølv kan foreta inspeksjonar av installasjonane dine
- aldri tømme kjemikalier, oljer, løysemiddel m.m. eller gjenstandar (avfall) som bleier, hår, Q-tips (vattpinnar), sanitetsbind og liknande i toalettet
- varsle kommunen viss det oppstår problem i avløpssystemet
- sikre eigedommen mot overfløyming ved å installere sjølvlukkinge sluk (med tilbakeslagsventil) viss du kjenner til at det er flomfare
- elles innrette deg etter tilvising og informasjon frå kommunen.

PRIS OG BETALINGSVILKÅR

Prisen for avløpstenestene er fastsett etter kommunal forskrift om gebyr for vatn og avløp, og går fullt og heilt til dekning av dei kostnadene kommunen har med avløpstenestene. Storleiken på gebyret blir fastsett (revidert) årleg av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir innkravd på felles faktura etter gjeldande faktureringsrutinar i kommunen.

Både du som abonnent og kommunen kan krevja installering av vassmålar. Abonnenten betaler eit årleg gebyr for leige av vassmålar, som inkluderer kjøp, installasjon, kontroll, vedlikehald, utskifting og drift. Gebyret blir fastsett av kommunen og går fram av gebyrregulativet.

Ved for sein betaling blir renter lagde til etter morarentelova. Viss betaling av årsgebyr uteblir, har kommunen rett til å ta pant i eigedommen etter pantelova § 6.1.

KLAGE, PRISAVSLAG OG ERSTATNING

Det er ein mangel i avløpstenesta når den ikkje er i samsvar med det som er framstilt ovafor. Dersom du meiner at det har oppstått ein mangel, kan du sende klage til kommunen. Klaga bør sendast så raskt som mogleg etter at mangelen er oppdaga. Kommunen vil da undersøkje forholda så snart som råd, noko avhengig av kor komplisert problemet er. Uansett vil du få tilbakemelding seinast innan tre veker.

Dersom kommunen stadfestar at det har oppstått ein mangel, pliktar kommunen å utbetre den for eiga rekning. Utbetringa skal skje innan rimelig tid.

Dersom du har lidd økonomisk tap på grunn av mangel ved tenesta, kan du krevja erstatning av kommunen, så langt mangelen ikkje skuldast noko som ligg utafør ansvarsområdet til kommunen. Dersom du har inngått eiga avtale med kommunen (næringsdrivande), regulerer denne avtala rettane dine.

For å få avklara rettane dine når det gjeld klage og erstatning, kan du kontakte kommunen, forsikringsselskapet ditt eller det lokale forbrukarkontoret.

Dei mest aktuelle lover og forskrifter

- Forskrift om avgrensing av forureining av 1. juni 2004, del 4A, kap. 16, om kommunale gebyr for vatn og avløp (sist endra 15.12.2005)
- Forskrift om gebyr for vatn og avløp i Vågå kommune (kommunal forskrift)
- Kommunehelsetenestelova (av 19.11.1982)
- Lov om skadeerstatning (av 13.6.1969).